

Referat FAU-møte 7. April 2021

Tilstades: Rektor Therese, Ass rektor Nathalie i tillegg til:

Klasse	FAU-kontakt	Til stades	Vara-FAU-kontakt	Til stades
1a	Sandra Mikalsen	Via video	Silje Tolstadvøllo	
1b	Iselin Stafsnes	Via video	Kjellrun Lavik	
2A	Therese Kleiven	ja	Siv Hatlem	
2B	Jonill Storøy	Via video	Kristine E. Horne	
3A	Jan-Erik Hauge	ja	Olav Berqvam	
3B	Øyvind Korsøen	ja	Hilde.therese.nordberg	
4A	Frode Berge Hovland		Magne Olav Erikstad	
4B	Lene Knapstad	Via video	Jill Rysjedal	
5A	Evi Ollikainen		Kay Arne Kalstad	
5B	Kristine E. Horne	ja	Magne Westvik	
6A	Andreas Hjelset Håberg	Ja (referent)	Sissel Flåm	
6B	Gunvor Solvik	ja	Anne Østenstad	
7A	Gro Ravnstad		Bjarte Bahus	
7B	Yordanos Kidane			

Sakliste:

1. Oppfølgingspkt frå forrige møte; Dekka i resten av sakslista
2. Info frå rektor, inkl tilsynssaken som Statsforvaltaren gjennomfører-statusoppdatering?

Tilsynssaka: Skulen har levert etterspurt dokumentasjon. Det har vore gjennomført digitale intervju. To frå leiinga, ein lærar frå storskulen og ein frå småskulen, og miljøterapeut. FAU forstod at foreldre kunne bli intervjuet, men skulen meiner vi er feilinformert om dette.

Uteområdet: Veke 16 set dei opp gjerde rundt området, og det vil seie at vi er i gang. Det blir oppstartsmøte der FAU-leiar blir med, der framdriftsplan ol. blir diskutert. Skulen har planlagt friminutta, og gjort avtale med FUSK om å bruke idrettshallen på Førdehuset og området rundt. 1. - 2. klasse får bruke gymsalen på skulen. Det kan hende at noko av kapasiteten i Førdehuset skal brukast til vaksinerings.

Skulen har i år sett opp nokre ekstra skiturar. Det har vore kjekt.

Facebooksida er oppe og går, og skulen er svært fornøgd med å dele litt om kva dei

driv med.

Skulen driv med tilsetjingar av nye lærarar, og dette er litt utfordrande midt i skuleåret. Ny miljøterapeut er tilsett, og startar frå hausten av. Skulen er nøgd med at Nathalie Trælnes er tilsett som assisterande rektor.

Stopp-regelen: Alle har fått informasjon på arbeidsplanen. Vi hadde pangstart veka før påske med fellessamling på Teams. Stoppregelen fungerer godt som reiskap i rettleiing av elevar.

3. Vi vil gjerne helse på den nye assisterande rektor Natalie Trælnes.
Kjem frå Sunde skule der ho har jobba i mange år på mellomtrinnet som kontaktlærer. FAU ynskjer ho velkomen og vi ser fram til eit godt samarbeid.
4. Forventningar til skulen frå foreldre. Diskutere og vedta liste som er sendt inn tidlegare. Punkta vart redigert til denne lista:
 1. *Dei vaksne må sjå det einskilde barnet sitt behov*
 2. *Nulltoleranse mot mobbing*
 3. *Skulen skal ta tak i og handtere valdshendingar*
 4. *Elevane skal lære samspel og inkludering*
 5. *Barna skal lære å bli sjølvstendige*
 6. *Barnet skal ha ein trygg skulevardag i timar og friminutt*
 7. *Barna skal ha ein trygg skuleveg*
 8. *Lekser skal vere meiningsfulle og gi gode arbeidsvanar*
 9. *Skulen skal ha kultur for at det er kjekt å lære*
 10. *Skulen skal stille krav til barna*
 11. *Skulen skal stimulere til at barna får utfolde seg fysisk*
 12. *Skulen må ha kompetente lærarkrefter i forhold til notidas krav*
 13. *Skulen skal gi god informasjon om trivsel og læring, og invitere til dialog*
 14. *Skulen må raskt seie frå og etablere eit samarbeid med heimen dersom barnet strevar sosialt eller fagleg*
 15. *Skulen skal gi foreldre medverknad og lytte til foreldra sine synspunkt om barna sin skulevardag*
5. Korleis behandle mat og allergier på skulen?
Gunnvor har blitt kontakta av foreldre om at det er forskjellsbehandling mellom dei med allergi og dei uten. Det er snakk om at elevane får noko og ete/drikke, men allergikarane får ikkje noko alternativ, og då ikkje får noko.
Det er viktig at alle får, og helst det same "kategori".
6. FAU og SMU må oppfordre til meir "aktive" foreldremøter (få dei arrangert tildigare, foreslå ein fast saksliste).

Korleis kan vi få foreldrene meir aktive, og meir på banen?
Årshjul med inplotta møter, og faste punkt som skal takast opp.
Foreldremøte før kartlegging, og utviklingssamtalar etterpå.
Informasjon frå FAU - Jobb for FAU-representanten i kvar klasse å informere på kvart foreldremøte. FAU bør vere med på 1. Klasse møtet (Sandra Mikalsen blir med frå oss for årets møte, i april/mai.

7. Dugnader. Vi burde klare å gjere litt meir fysisk dugnad på skulen. Idedugnad fyrst? Vaktmesteren er utfordra på å lage ei liste over ting som kan gjerast, og ta kontakt med FAU-leiar.

Dugnad i forbindelse med byggeprosess - Øyvind tek det opp på planleggingsmøtet
Lage noko som er aktivitetsskapande, spesielt i det bakerste området.

Kva har vi lyst til å gjere:

Male - og dekorere (involvere Oddvar Thorsheim?) veggjar og bakke

Kunne nokre frå FAU tatt eit møte med vaktmester/administrasjon

Male på bakken

Sirklar/strekar, spor som må følgast, foresquare

Balansering- tau/slakk line mellom tre

Grave ned stubbar/enkel hinderløype

Setje opp klatrevegg el.?

Vi går ein runde på skuleområdet og ser.

8. 17. mai-kva gjer vi?

Vi ser for oss at 17.mai blir omtrent som i fjor. Vi må skubbe det til neste år.

5. Klasse ordnar med litt pynt/flagg, så skulen er pynta.

Elevane kan pynte opp i vindauga ut mot vegen.

Foreldredugnad for rydding og kosting er også vanleg på denne tida, det bør avtalast med KjellTonning, vaktmester.

9. Høyring kringsgrenser

Skal vi som FAU skrive ein høyringsuttalelse om dette? Nei, vi lar dette vere.

10. Facebook-retningslinjer?? Eks frå Sande skule?

Retningslinjene vil gjelde for klassegruppene på facebook

Det vil vere bra å ha slike retningslinjer for å styre bruken.

Læraren treng ikkje å vere med i desse gruppene.

Om vi skal ha slike retningslinjer, kvar skal det stå? Det må inn i folderen saman med skuleregjar og liknande som sendast ut kvart år. Og/eller skal det inn på nettsida til skulen saman med ordensreglement (dette kan diskuterast i SMU/SU).

11. Info om byggestart på uteplassen

Det viktigste er sagt av Therese.

12. Innkjøpte leiker til kvar klasse, noko står att.

Fotballar - høyre med Førde IL? Kjøpe på nett.

Vi kjøper inn 10 fotballar og 5 foresquareballar. Kristine sjekkar ut på Slåtten om kvar ein får foresquareballar.

13. Temakveld med Barnevakten - kva skjedde? Finn vi ny dato?

Blir for foreldre på Torsdag 15.04. Øyvind deler zoom-lenke og Therese deler via visma.

14. Event :

- a. Økonomi. Vi bør setje opp eit budsjett for FAU med faste postar.

Forslag:

- i. Leikeutstyr til klassane
- ii. Bøker til biblioteket